



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

2015 02481-34

2015 03000-34

2015 03081-34

KSK/Rune Moe

312

Norrdal kommune

Fråsegn til søknader om å bygge 4 småkraftverk; Fossheim -, Dyrdøla -, Myklebust- og Røddøla kraftverk

Vi viser til brev 22.03.2017 om å kome med fråsegn til fire søknader om småkraftverk i Norrdal kommune.

Etter ei samla vurdering har Fylkesmannen i Møre og Romsdal følgjande konklusjon:

Fylkesmannen fremjar motsegn i medhald av vassressurslova § 24 til utbygging av Fossheim kraftverk og hovudalternativet i Dyrdøla kraftverk.

- *Motsegna til Fossheim kraftverk* er tufta på ein samla effekt av å redusere naturkvaliteten og inntrykksstyrken av Storfossen i eit område svært viktig for nasjonalt og internasjonalt friluftsliv og turisme, samt å ivareta Norrdalselva sitt opphavlege potensiale for anadrom fisk.
- *Motsegna til hovudalternativet ved Dyrdøla kraftverk* er tufta på ein samla effekt av å redusere naturkvaliteten og inntrykksstyrken i Dyrdalfossen. Fossen er eit flott landskapselement i denne delen av dalen som kvart år har besøk av mange turistar og friluftsfolk.

Vi vil ikkje gå i mot eit redusert alternativ, men rår til at kraftstasjonen blir flytta oppstraums slik at driftsvatnet kjem ut i Dyrdøla før samløp med hovudvassdraget.

- *Fylkesmannen vil rå i frå bygging av Myklebust kraftverk.* Vi er usikker på om det akvatiske, biologiske grunnlaget som ligg føre i søknaden godt nok skildrar tilhøva i vassdraget og i kva grad det omsøkte inngrep vil redusere dette.
- *Fylkesmannen vil ikkje gå i mot utbygging av Røddøla kraftverk.*

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. Fylkesmann

Linda Aaram
miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Saksbehandlar Rødøla kraftverk: Lars Kringstad

Vedlegg:
Notat 05.06.2017

Kopi:


Norddal kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM

Fylkesmannen i Møre og Romsdal – NOTAT 07.06.2017

Fråsegn til søknader om å bygge 4 småkraftverk i Norddal kommune, Fossheim kraftverk, Dyrdøla kraftverk, Myklebust kraftverk og Røddøla kraftverk

Generelt

Vi viser til brev 22.03.2017 om å kome med fråsegn til fire søknader om småkraftverk i Norddal kommune. Geografisk lokalisering av omsøkte kraftverk samt andre liknande anlegg i området er gjeve i figur 1.



Figur 1. Omsøkte kraftverk (grøn pil) i føreliggande sak sett i forhold til andre liknande saker i Norddal kommune. Oversiktskartet frå NVE si heimeside.

Dokumentasjon i prosjekta

Naturfagleg dokumentasjon

Den naturfaglege dokumentasjonen knytt til terrestre kvalitetar er etter Fylkesmannen si vurdering stort sett tilfredsstillande sett i lys av krav til kunnskapsgrunnlaget, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Vi saknar utgreiing av akvatiske kvalitetar omkring vasslevande virvellause dyr som konkret grunnlag for uttale om denne delen av det biologiske mangfaldet.

Ferskvassøkologiske granskingar er lett sårbare og mangelfulle på dette punkt. Kan hende skuldast det at dei økonomiske føresetnadene ikkje er til stades for å gjennomføre fullverdige granskingar. Spesielt gjeld dette omsynet til virvellause, akvatiske dyr. Klassisk og generell økologisk kunnskap tilseier at mangfaldet av liv i denne typen ferskvasslokalitetar det her er snakk om, i alt vesentleg er insekt som t.d. artar av stein-, døgn- og vårfluer samt ein rekkje artar av fjørmygg. Å skulle vurdere til fulle biologiske og økologiske effektar av nye kraftverk med reduserte vassmengder og ulike driftsregimer, let seg ikkje gjere utan kunnskap om desse gruppene.

Dei ferskvassøkologiske konsekvensane av reguleringar er som regel vurdert ut frå tilhøva for fisk, og då spesielt anadrome fiskearter som laks og sjøaure. Fylkesmannen er ikkje komfortabel med at konsesjonssøknaden til Fossheim kraftverk ikkje fanger opp dei fiskeribiologiske kvalitetane omsøkte vassdrag representerer. Søknaden skriv at *Norrdalselva ikkje er eit Nasjonalt laksevassdrag*. Det er riktig. Å vere *Nasjonalt laksevassdrag* er ein sjeldan status svært få norske vassdrag har. Men, at rapporten sår tvil om Norrdalselva er permanent lokalitet for laks er klårt til forskjell frå kva Fylkesmannen kjenner til om vassdraget. Riktig nok har fangstar ved sportsfiske i seinare tid vore liten. Elva er frå naturen si side ein flott og verdfull lokalitet med gode føresetnader for anadrom fisk, så fremt biotopen blir teken vare på. Fylkesmannen kan gjere greie for at Norrdalselva til foten av Storfossen er ein lokalitet for både laks og sjøaure. Vi kan vise til årlege innsamlingar av eldre laksungar i samband med gyro-overvakinga til Mattilsynet, seinast i 2016. Dette feltarbeidet skjer under gunstige tilhøve, til forskjell frå dei tilhøva som er skildra under granskinga i samband med mangfaldsstudia, der rapporten sjølv gjev uttrykk for at el. fiske var vanskeleg. I våre studiar for Veterinærinstituttet har vi lett fanga fleire tiltals laksungar på fleire stasjonar kvart år.

I forlenginga av dette er vi óg usikker på om den biologiske granskinga i Myklebustelva fangar opp dei faktiske tilhøva. I sidevassdrag av den storleik det her er snakk om, og som renn ut i ei hovudelv med laks og sjøaure, vil til vanleg begge dei anadrome artane vere tilstades. Vi ser her for oss at ei ny gransking av dei fiskeribiologiske tilhøva bør gjennomførast.

Vassforskrifta

I Vann-nett er alle unntatt Røddøla ført opp som vassforekomstar med god økologisk tilstand (GØT). Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga føreset vi at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet).

Vår vurdering av dei ulike prosjekta

Fossheim kraftverk

Kort om søknaden

Herdøla er del av det verna Norrdalsvassdraget. Kraftverket skal nytte eit fall på 75 m (kote 130 - 55) (figur 2). Det er planlagt eit Coanda-inntak. Tilløpsrøyret vert nedgrave i heile si lengd på 770 m. Det søkjast om bygging av opptil ca. 100 m ny veg. Middelvassføringa ved inntaket er 3,15 m³/s. Hovudalternativet er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,66

m³/s. Redusert alternativ med slukeevne på 1,55 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW og årsproduksjon 6,0 GWh ved største alternativ. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på 900 m elvestrekning. Planlagd minstevassføring lik 5 persentilnivå på 1155 l/s sommartid (1.5-30.9) og 240 l/s resten av året.




Figur 2. Omsøkte Fosheim kraftverk, skisse og fotomontasje slik det er oppgjeve i konsesjonssøknaden.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring 13.10.2016. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i figur 3.

Biologisk mangfald

Omkring biologisk mangfald inneheld sakspapira mykje faglege detaljkunnskap det lett berre kunne ha blitt vist til. Vi vel imidlertid å gjengi mykje av informasjonen. Innanfor prosjektområdet det her er snakk om at det er registrert fleire raudlisteartar. Artar som den endemiske sunnmørsmarikåpe (norsk ansvarsart), spansk kjærvel, platanlønn, almeteppe-mose, bogetvebladmose, flekkmose, flikvårmose, krypsnøsmose, kystmoldmose, sigdknausing, stortaggmose, sumpbroddmose og svagråmose veks i umiddelbar nærleik til prosjektområdet.



Figur 3. Herdøla i området for planlagt Fossheim kraftverk. Foto 1 tatt nedstrøms og viser området for vassinntak, 2. tatt nedstrøms av delar av planlagt regulert elvestrekning, 3. mot Storfossen og fossekulpen og 4. nedstrøms mot flatt stasjonsområdet på innmark i hitkant av låve.

Det finst eit stort artsmangfald ved Storfossen (granskning august 2016). I fosse-engene på kvar side av fossen vart det blant anna registrert hvitbladtistel, mjødukt, marikåpeart, gullris, skogsalat, skogørkvein, blåklukke, fjellsyre, skogburkne, enghumleblom, klengemaure og fugletelg. Store mengder bergfrue veks både i fosse-engene og på berg inntil fossen. På moserikt overhengande berg inntil fossen vart det registrert bekkerundmose, bergpolster-mose, rødmesigmose, bekketvebladmose, vårmose-art, nikkemose-art, småstylte, bekkevrangmose, saglommemose, teppekildemose og kystjammemose.

Tilhøva ved Storfossen er framheva i og med at realisering av Fossheim kraftverk vil medføre negativ verknad for naturtypen fossesprøytsone.

Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av elvemusling i Møre og Romsdal i perioden 2009-2013. Fylkesmannen kjenner ikkje til førekomst av elvemusling i Norddals-vassdraget.

Landskap /friluftsliv

Området er attraktivt for nasjonal- og internasjonal turisme og friluftsliv. Natur og kultur knytt til seterliv i Herdalen. Herdalssetra er ein svært viktig destinasjon som kvart år er besøkt av mange, ikkje minst frå cruisetrafikk i fjordområda. Ferdsele mellom fjord og øvre dalområder går langsetter vassdraget.

Fiske og vassdragsøkologi

Det er positivt feil når saksdokumenta inneheld tvil om Norddalselva er ein lokalitet for laks. Ein er usikker på om elva inneheld ein permanent sjølvrekrutterande laksebestand. Dette med bakgrunn i at eit feltarbeidet i 2016, under ugunstige tilhøve, ikkje fanga lakseungar, men berre aure.

Fylkesmannen kan gjere greie for at Norddalselva opp til Storfossen er ein lakselokalitet saman med sjøaurar. Vi kan vise til dei årlege innsamlingane av eldre lakseungar i samband med gyro-overvakinga til Mattilsynet, seinast i 2016. Dette feltarbeidet skjer under gunstige tilhøve og det vert fanga lett fleire titals lakseungar på to stasjonar kvart år.

Vi viser vidare til omtale av dette tema under avsnittet naturfagleg dokumentasjon ovanfor.

INON (inngrepsfrie område)

Stasjonsområdet rører ikkje INON område. Der er ikkje påvist kulturminne innanfor prosjektområdet.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Vassforskrifta

I Vann-nett er Herdøla del av Nordalselva/Dalsbygdelva bekkefelt (vassførekomst (099-48-R). Vassførekomsten er oppgitt med antatt god økologisk tilstand, med ingen risiko for at miljømålet ikkje blir nådd innan 2021. Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga føreset vi at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet).

Konklusjon

Herdøla er del av det verna Norddalsvassdraget.

Summen av konflikten mot biologiske tilhøve knytt til Storfossen, stor inntrykksstyrke frå Storfossen i eit område med nasjonal og internasjonal interesse for turisme og friluftsliv samt at elva som lokalitet for laks og sjøaure, gjer at vi reiser motsegn til Fossheim kraftverk.

Dyrdøla kraftverk

Kort om søknaden



Dyrdøla er ein del av det verna Norddalsvassdraget. Kraftverket skal nytte eit fall på 225 m (kote 180 - 55) (figur 4). Inntaksdammen ca. 17 m lang og 4 m høg. Tilløpsrøret vert nedgrave i heile si lengd på 780 m. Det søkjast om bygging av ca. 200 m ny veg. Middelvassføringa ved inntaket er 1,46 m³/s. Hovudalternativet (blå strek) er planlagt med ei maksimal slukeevne på 875 l/s. Redusert alternativ (vart strek) slukeevne på 700 l/s. Det er planlagt å bygge nytt vassverk i kombinasjon med kraftverket. Vass-forbruket vil vere ytterlegare 25 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW og års-produksjon 5,5 GWh ved største alternativ. Utbygginga vil redusere vassføring på 740 m elvestrekning. Planlagt minstevassføring lik 5-persentil-niva på 625 l/s sommartid (1.5-30.9) og 240 l/s resten av året.

Figur 4. Omsøkte Dyrdøla kraftverk, skisse slik det er oppgjeve i konsesjonssøknaden. Blå strek angir hovudalternativ og svart strek redusert alternativ.


Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring 13.10.2016. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i figur 5.

Biologisk mangfald

Raudlista fugle- og pattedyrartar er registrert innanfor prosjektområdet (oter, fiskemåse, vipe, storspove og stare). Også fossekall og linerle. Artar på streif er hønsehauk gaupe og jerv.

Dyrdalsfossen er kjent for funn av den endemiske arten sunnmørsmarikåpe, ein norsk ansvarsart. Fosseavsnittet har velutvikla fosse-engmiljø. Området inneheld i tillegg mykje sildrer og andre krevjande artar som fjellsyre, ulike mjølker, fjelltistel med fleire artar. I tiltaksområdet finn vi Naturtypen bekkekløft som nemnast å kan verte negativt påverka av



Figur 5. Dyrdøla i området for planlagt Dyrdøla kraftverk. Foto 1 viser fosselandskapet i Dyrdøla sett frå dalbotnen, 2. ved foten av Dyrdalsfossen, 3. like nedstrøms Dyrdalsfossen og 4. Dyrdøla mot samløp Herdøla

reduisert vassføring. Fugle- og pattedyrfaunaen langs Dyrdøla vurderast til å vere alminneleg rik av vanlege artar med vid utbreiing.

Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av elvemusling i Møre og Romsdal i perioden 2009-2013. Fylkesmannen kjenner ikkje til førekomstar av elvemusling i Dyrdøla.

Landskap /friluftsliv

Influensområdet er brattlendt. Øvre del av vassdraget er mykje nytta til friluftsliv med hytte og seterliv. Dyrdalsfossen utgjer eit markert landskapselement med stor inntrykksstyrke, lett synleg på lang avstand frå dalbotnen og på nært hald frå veg oppetter dalsida.

Fiske og vassdragsøkologi

Anadrom fisk kan vandre 200 – 300 meter opp i Dyrdøla. Lokalt vert elva vurdert til ikkje å ha anadrom fisk. Kraftstasjonen vil ha utløp inntil 60 meter nedanfor der Dyrdøla renn ut i Herdøla/Storelva som er laks- og sjøaure førande. Det er planlagt å montere omløpsventil i kraftanlegget.

INON (inngrepsfrie område)

Tiltaket vil ikkje gje INON bortfall.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Vassforskrifta

I Vann-nett er Dyrdøla del av Nordalselva/Dalsbygdelva bekkefelt (vassførekomst (099-48-R)). Vassførekomsten er oppgitt med antatt god økologisk tilstand, med ingen risiko for at miljømålet ikkje blir nådd innan 2021. Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga føreset vi at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet).

Konklusjon

Dyrdøla er ein del av det verna Norddalsvassdraget.

På bakgrunn av Dyrdøla sin verdi som landskapselement med stor inntryksstyrke på lang og kort avstand saman med dei biologiske kvalitetane dette vassdragsavsnittet representerer, vil fylkesmannen reise motsegn til utbygging etter hovudalternativet.

Vi vil ikkje gå i mot redusert alternativ, men rår til at kraftstasjonen blir flytta oppstrøms slik driftsvatnet kjem ut i Dyrdøla før samløp med hovudvassdraget.

Myklebust kraftverk

Kort om søknaden



Myklebustelva er del av det verna Valldalsvassdraget. Kraftverket skal nytte fallet eit fall i Myklebustelva på 145 m (kote 225 – 80) (figur 6). Det er planlagt Coanda-inntak. Tilløpsrøyret vert nedgrave i heile si lengd på 2000 m. Prosjektet inneber av opptil ca. 1 km ny veg. Middelvassføringa ved inntaket er 1,87 m³/s. Maksimal slukeevne 0,92 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,97 MW med årsproduksjon 6,6 GWh. Utbygginga vil gje redusert vassføring på ei 2100 m elvestrekning. Planlagt 600 l/s sommartid (1.5-30.9) og 172 l/s r minstevassføring lik 5-persentilnivå på minstevassføring lik 5-persentilnivå på resten av året.

Figur 6. Omsøkte Myklebust kraftverk, skisse slik det er oppgjeve i konsesjonssøknaden.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring 03.05.2017. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i figur 7.



Figur 7. Myklebustelva i området planlagt for Myklebust kraftverk. Foto 1 motstraums på lokalitet for vassintak, 2. Myklebustelva like oppstraums samløp med Valldøla, 3. og 4 vassdragsnaturen på planlagt regulert strekning.

Biologisk mangfald, terrestrisk

Nedre del av Myklebustelva er dominert av rik sørboreal blandingskog. Skogen er klassifisert som svært viktig. Lenger opp i dalføret er der store hogstmodne granplantasjar. Vegetasjonstypene er i hovudsak småbregneskog, med innslag av blåbærskog og spredde høgstaudar. Der er funne treslag som alm, bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, platanløn, rogn og selje. Både for alm, hassel, hengjebjørk og osp er der døme på grove dimensjonar.

Der går skogsbilvegar inn i området, på både sider av elva, og tidlegare har der vore kontinuitet i beiting. Der går beitande sau i dag. Enkelte almetre har vorte styvde tidlegare. Samla sett står skogen likevel fram som eit av dei finaste gammelskogsmiljøa inne i Valldalen. Gran og platanløn er framande artar i området, og anbefalast fjerna.

Der er eit bra mangfald i plantar i området, der enghumleblom, firblad, hengjeaks, lækjeveronika markjordbær, myske, skogfiol, skogburkne, skogsalat, skogsnelle, skogtjerneblom, skogsvinerot, sumphaukeskjegg og tyrihjelms kan nemnast. Vegetasjon er dominerande i heile denne delen av dalføret og i store deler av kommunen for øvrig.

Landskap /friluftsliv

Vi kjenner ikkje at det er knytt særskilte friluftsiinteresser til utbyggingsområdet.

Fiske og vassdragsøkologi

Dei fiskeribiologiske vurderingane i mangfaldsrapporten er tufta på ein dags gransking. Det vart den dagen ikkje påvist lakseungar. I tillegg skriv rapporten at aureungane som vart fanga truleg er avkom etter stasjonær elveaure. Granskingsrapporten skriv såleis at laks ikkje nyttar Myklebustelva til gyting og oppvekst. Rapporten signaliserer vidare gjennom bruken av stasjonær aure at anadrome kvalitetar ikkje er tilstades i Myklebustelva. Rett nok skriv mangfaldrapporten at aktuelle sideelv kan vere viktig produksjonslokalitet for sjøaure.

Vidare inneheld mangfaldrapporten formuleringar og faglege synspunkt som tar lite omsyn til at dei biologiske tilhøva i ei uberørt Myklebustelv. Vi gjengjev følgjande frå rapporten:

«Elva er bratt og stri, med høg straumfart, noko som bidreg til lav tettheit av ungfisk i elva. Redusert sommarvassføring medfører lågare vasshastigheit og betre oppvekstforhold for ungfisk, uavhengig om det er anadrom eller elvestasjonær aure. Ål eller musling er ikkje funne i Myklebustelva. Planlagt minstevassføring tilseier liten eller ingen negativ konsekvens for anadrom fisk. Det er ikkje foreslått installert omløpsventil i Myklebust kraftverk. Middels verdi og ingen negativ virkning gir ubetydeleg til liten negativ konsekvens (0/-) for akvatisk miljø.»

For å få et inntrykk av den vassdragsnatur som her er omsøkt endra, viser vi til foto 3 og 4 i figur 7.

INON (inngrepsfrie område)

Inntaksområdet rører ikkje SNUP område (Samanhengande Naturområder med Urørt Preg).

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Vassforskrifta


I Vann-nett er Myklebustelva bekkefelt utskilt som eigen vassførekomst (100-18-R). Vassførekomsten er oppgitt med antatt god økologisk tilstand, med ingen risiko for at miljømålet ikkje blir nådd innan 2021. Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga føreset vi at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet).

Konklusjon

Myklebustelva er del av det verna Valldalsvassdraget. Fylkesmannen vil rå i frå bygging av Myklebust kraftverk. Vi er usikker på om det akvatiske, biologiske grunnlag som ligg føre i søknaden godt nok skildrar tilhøva i vassdraget og i kva grad omsøkte inngrep vil redusere dette.

Rødøla kraftverk

Kort om søknaden




Tafjord Kraftproduksjon AS vil nytte eit fall i Rødøla på 89 m (kote 540 - 451) (figur 8). Det er planlagt eit Coanda-inntak. I tillegg vil ein overføre sidebekk via en kanal til inntaks-dammen. Tilløpsrøyret vert nedgrave i heile si lengd på 750 m. Prosjektet inneber 20 m ny permanent veg og 500 m mellombels veg. Middelvassføringa ved inntaket 1,12 m³/s. Hovudalternativet er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2,53 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,95 MW med årsproduksjon 5,1 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 770 m elvestrekning. Planlagt tredelt minstevassføring på 360 l/s i juli- august, 120 l/s i mai, juni og september og 40 l/s resten av året. Til samanlikning er 5-persentilverdiane 360 l/s og 40 l/s for høvesvis sommar og vinter.

Figur 8. Omsøkte Rødøla kraftverk, skisse slik det er oppgjeve i konsesjonssøknaden.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring 28.07.2016. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i figur 9 og 10.



Figur 9. Rødøla i området for planlagt Rødøla kraftverk. Foto 1 viser inntaksområdet ved utløpet av Heimste Rødalsvatn, 2. parti av elva eit stykke nedanfor inntaket, 3. sidebekk som skal overførast til inntaket og 4. kulturminne gamal bru i øvre del av utbyggingsstrekninga

Biologisk mangfald


Biologisk mangfald rapporten gir etter det vi kan sjå tilfredsstillande informasjon om kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Vi har ikkje særlege merknader til konklusjonen i rapporten. Det er ikkje registrert verdfulle naturtypar eller raudlista artar i influensområdet.

Landskap /friluftsliv

Etablering av røyrgate kan på enkelte parti vere noko landskapsmessig utfordrande, særleg i øvre del. Elles har vassdraget fleire flotte strykparti som vil få redusert vassføring etter ei utbygging (figur 7).

Vi registrerer likevel at store deler av influensområdet ber preg av tidlegare inngrep som vegar, kraftliner og regulering. Stasjonsområdet er lokalisert like nedanfor vegen. Dette er nært til Zakariasvatnet som har stor reguleringshøgde. Inntaksområdet ligg ved utløpet av Heimste Rødalsvatnet, nært til eksisterande veg.

Vi kjenner ikkje at det er knytt særskilte friluftssinteresser til utbyggingsområdet.



Figur 10. Rødøla i ulike elveavsnitt. Foto 1 viser strykpart på omsøkte strekning. 2. fossemiljøet ovanfor veg og målestasjon, 3. Rødøla ved utløp i Zakariasvatnet, kraftstasjonen skal plasserast like til høgre i bildet og 4. nedre del av Rødøla, stasjonsområdet til venstre i bildet.

Fiske og vassdragsøkologi

Vassdraget har ikkje anadrom laksefisk. Vi reknar likevel med at det på utbyggingsstrekninga finst stasjonær aure typisk for denne typen økosystem. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring.

Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av elvemusling i Møre og Romsdal i perioden 2009-2013. Fylkesmannen kjenner ikkje til førekomst av elvemusling i Rødøla.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Vassforskrifta

I Vann-nett er Rødøla (Rødalselva 099-10-R) utskilt som eigen vassførekomst. Vassførekomsten er oppgitt som sterkt modifisert (SMVF), med risiko for ikkje å oppnå miljømålet innan 2021. (Øvre del av vassdraget; Vikvatn er overført til Tafjord 6).

Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden ytterlegare. I den vidare saksbehandlinga føreset vi at NVE vurdere dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

Samla verknader

Mykje av vassdragsnaturen i Norddal kommune er/vil bli rørt av vasskraftutbygging. Vi føreset at dette blir tatt med i vurderinga av konsesjonssøknaden.

Konklusjon

Utbygginga vil føre til ytterlegare tiltak i eit område som frå før er påverka av mange tekniske inngrep. Reduksjon i vassføring vil i tillegg til etablering av rørgate verke negativt inn på landskapsopplevinga i området. Fylkesmannen kan likevel ikkje sjå at vesentlege ålmenne verdiar vil bli rørt av ei utbygginga. Dette under føresetnad om at det blir slept ei minstevassføring som omsøkt. Med bakgrunn i dette vil vi ikkje rå i frå søknaden.